



Notat

Dato: 07.06.2018
Arkivsak: 2017/17793-4
Saksbehandlar: josfjer

Til: Fylkestinget

Frå: Fylkesordføraren

Svar på spørsmål om førebygging og tilrettelegging med tanke på allergiar

Det er fremma fylgjande spørsmål frå Iiril Schau Johansen, Høgre

Førebygging og tilrettelegging med tanke på allergiar

Vi må alle vaske hendene i løpet av ein arbeids- eller skuledag. Dette bør gjerast skikkeleg, med såpe og vatn. Då er det synd at HFK nyttar såpe tilsett parfyme i sine dispenserar. Personar som er disponerte for allergiar, kan få allergiane utløyste som følgje av gjenteken eksponering for til dømes parfyme. Personar som allereie har allergiar, kan ikkje vaske hendene med såpa dei finn tilgjengeleg i HFK sine bygg, utan å få plager av dette. Samstundes finst det folk med sterkare allergiar, som får helseplagar utløyste når andre har nytta såpa som er tilgjengeleg i dei fylkeskommunale bygga, og møter dei med parfymeluktande hender. Dette er ikkje greitt med tanke på universell tilrettelegging. I offentlege bygg bør vi velje produkt som gjer at alle skal kunne vaske hendene i løpet av dagen, utan å verte dårlege av det.

Vil fylkesordførar sjå nærare på moglegheita for innføring av parfymefri såpe i alle dispenserar i fylkeskommunale bygg, og kome attende til fylkestinget eller relevant utval med sak om dette?

Svar:

Det vil teknisk vera rimeleg enkelt å bytte såpeprodukt til eit som ikkje er tilsett parfyme.

Eigedomsavdelinga vil i samarbeide med BHT undersøke om det er såpeprodukt tilgjengeleg som er tilfredstillande og komma attende med ei melding om kostnader og anbefalingar.